

## Til deg som har fått innkalling til opphold i sjukehus

If you need this form in English, please contact the ward.

### **Antibiotikaresistens**

Vi ynskjer å førebygge overføring av antibiotikaresistente bakteriar til pasientar og til personalet, og kunne gi deg rett antibiotikabehandling dersom ein infeksjon grunna antibiotikaresistente bakteriar oppstår. Vi ber deg derfor om å gå gjennom spørsmåla nedanfor.

### **Reise- og smittescreening**

Svarar du «ja» på nokre av spørsmåla, kontaktar du fastlegen for avklaring om du skal ta screeningprøvar før planlagt opphold i sjukehuset.

#### **Har du:**

- vore innlagd eller jobba i helseinstitusjon utanfor Norden dei siste 12 månader inkl. behandlingsreisar?
- fått omfattande helseundersøking eller behandling i land utanfor Norden dei siste 12 månader, inkl. tannbehandling?
- vore innlagd i helseinstitusjon der det gjekk føre seg eit utbrot med MRSA, VRE eller ESBL-haldige bakteriar siste 12 månader?
- budd saman med person som har fått påvist MRSA, VRE eller ESBL-holdige bakteriar siste 12 månader?
- budd eller jobba i ein flyktningleir i utlandet dei siste 12 månader?
- tidlegare fått påvist MRSA, VRE eller ESBL-haldige bakteriar?

Skjemaet kan takast med til fastlegen. Både prøvetaking og eventuell behandling er gratis. Helsearbeider vil spørje deg om gjennomgang av spørsmåla hjå oppmøte.

**Du bør opplyse sjukehuset om positiv prøvesvar/berarskap for antibiotikaresistente bakteriar før planlagt opphold i sjukehuset slik at naudsynte tiltak kan gjennomførast.**

### **Til fastlege**

#### **Pasientar som har svart «ja» på nokre av spørsmåla og skal:**

- til poliklinisk undersøking eller dagbehandling, skal ta ei prøve for MRSA
- bli lagd inn på sjukehus eller ha jamleg dagbehandling, skal ta prøve for MRSA, VRE og ESBL
- til lovpålagt tuberkuloseundersøking er det ikkje naudsynt å ta prøve for påvisning av antibiotikaresistente bakteriar

#### **Screeningprøvar:**

- MRSA: ein e-Swab ytterst i kvart nasebor med same pensel, ein i svelg inklusiv tonsillar og ein til perineum. I tillegg skal det takast prøve frå sår, eksem, ferske arr eller andre defektar i huda, innstikkstad for framandlekamar og urinprøve dersom pasienten har urinkateter.
- VRE/ESBL: FecalSwab, pensel må bli ført 3-5 cm inn i rektum (med synleg avføring). Tilleggsprøvar skal takas med e-Swab frå sår med sekresjon og urinprøve dersom pasient har urinkateter.

**Positive prøvesvar varsles til behandlingsansvarleg lege i sjukehuset før pasientens planlagde opphold slik at naudsynte tiltak kan gjennomførast.**